

+ KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR OSTERØY



NR. 5 ADVENT 2014
39. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Månd, tysd, torsd, fred : 08.30 - 14.30
Onsdag stengt.

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Per Inge Hove	56 19 22 93
Baard Eikaas	56 19 22 84
Ruth Hauge	56 19 22 86
Helga Mjelstad	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Organist Per Inge Hove	976 57 481
Organist Baard Eikaas	936 72 224

Trusmedarbeidar

Helga Mjelstad 480 95 658

Kyrkleleg fellesråd:

Jenny Eikeland: Hamre sokn leiar
Margrethe R. Ådland: Haus sokn nestleiar
Wenche Fiskeseth: Bruvik sokn
Liv Skår: Gjerstad sokn
Jan Roald Myking: Hosanger sokn
Audun Mosevoll: Representerer Osterøy kommune
Inge Sørheim: Representerer Bjørgvin biskop

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Sveinung Hartveit
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Marit Angelskår
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Madli Hannisdal

Layout: Oda Karoline Foldøy



Frå det latinske uttrykket *Adventus Domini*, Herrens kome, har vi fått ordet advent inn i vårt språk. Advent er vekene før jul, som i tidlegare tider var ei faste-tid der ein sparte på det meste fram mot høgtida. Ein skulle til dømes ikkje eta kjøt i denne perioden. Skikken med juletorsk kjem frå dette, for fastetida tok slutt første juledag. Julekvelden skulle ein altså halda seg unna kjøtmål. Vi har verkeleg teke eit godt steg bort frå denne faste - tradisjonen i vår tid når vi tenker på julebord og andre tilstellingar som går føre seg i desember.

Julebiletet på framsida er måla av ein italiensk meister frå Umbria, *Pietro Vannucci* (1446 – 1523). I kunsthistoria og også i si eiga samtid gjekk han under namnet *Perugino*, som tyder noko slikt som "han frå Perugia". Biletet vi tek med er også laga i byen Perugia, til ei kyrkje der. No står den to og ein halv meter høge altertavla i Nasjonalmuseet i byen.

Stallen er plassert i eit landskap med fjell og bakkar. Den aldrande Josef står bakerst til høgre og støttar seg til ein stav. Maria i si himmelblå kappe viser fram Jesusbarnet til dei som kjem på besøk, og barnet helsar dei frammette med ei velsigning. Dei tre vise menn er der med sine gåver. Den eldste, Melchior, knelar og kjem med gull. Bak han, framme til venstre står den unge Caspar med røykjelse. Mellom dei står Balthazar, med litt mørkare hudfarge, som ber fram myrra. Kor stor flokken framom stallen er ser vi ikkje, berre dei framme er tydelege. Målaren har også plassert seg sjølv der, heilt til venstre med raud kalott. Han måla ein del sjølvportrett gjennom livet, så vi veit korleis denne Perugino såg ut. Over han ser vi eit kamelhovud, dei vise menn kom jo ridande veit vi.

Dei fleste på biletet ser mot Jesusbarnet og den gamle som ligg på kne. To personar kikkar på oss: Det er kunstnaren sjølv og ein ung mann i flokken. Oksen i stallen har også blikket utover. Balthazar vender seg mot Caspar som om han snakkar til han om noko.

Perugino utførte fleire meisterverk i livet sitt. Mest kjend er kanskje måleria på langveggene i Det sixtinske kapell i Vatikanet, der han også måla alterveggen. Då Michelangelo nokre tiår seinare måla dei berømte takfreskene i kapellet, vart paven så imponert at han også bad om nye motiv på alterveggen. Slik forsvann Perugino sine bilete bak den mektige dommedagsframstillinga vi kan sjå i dag.

Perugino vart læremester for fleire store kunstnarar. Den mest kjende er nok Rafael.

- Kristoffer Foldøy

Advent er fiolett

Andakt v/ Inge Sørheim

Om vi blandar fargane rødt og blått får vi fiolett. I kyrkja er rødt fargen for kjærleik. Blått er himmel-fargen, fargen for sanning. Og den fiolette blandingsfargen er i kyrkja fargen for bot, anger og oppgjer. Adventsfargen er ikkje kvit eller rød. Det er jule-fargar. Advent er ikkje julekonsertar, julekalender, julegaveshopping, søndagsopne butikkar og jule-bord. Advent er ikkje glitter og glamour, julestress og julestri. Og advent er meir enn høgtideleg tenning av dei fire (forhåpentlegvis) fiolette lysa i adventsstaken. I kyrkja vitnar den fiolette fargen om det. Advent er eigentleg tid for bøn, bot, anger og oppgjer. Advent er latinsk og handlar om noko som skal komme. Vi tek del i den eldgamle ventinga på Messias, han som vi feirar i julehøgtida. Og vi ventar samstundes på at Jesus skal kome tilbake for andre gang. Då skal han ikkje kome som eit lite barn i ei krybbe, men i stordom, herlegdom og glans.


Adventstida har endra seg dramatisk. Det er ikkje lang tid sidan at folk var påpasselege med å vere eks-tra nøysame i adventstida. Slik kunne ein setje endå meir pris på jula, og nyte og feire juletida i både 13 og 20 dagar.

Advent er fiolett. Det er ei førebuingstid, ei tid på å førebu oss for å ta imot Jesus i våre hjarte. Ei tid der vi kan søker Gud. Der vi kan nærme oss store spørsmål litt grundigare enn å tenke på kva vi ønsker oss i presang til jul og kva vi skal gje. I adventstida skulle vi sett av tid til djupare samtalar med kvarandre om dei relasjonane vi står i. Gjere fleire oppriktige kjærleikshandlingar mot våre med-menneske. Ei tid med sjølvtransaking over vårt eige liv. Sette av meir tid til bøn og bibellesing. Gjere oss klare til å ta imot underet over alle under, at Gud vart menneske, som oss, og grunne over kva det har å seie for oss og vårt forhold til Gud.

Når julekvelden kjem, då kan vi rydde bort den fiolette fargen, og bytte den ut med rødt og kvitt. Kvitt er fargen for lyset, for heilagdom, fest og glede. Biskop Ambrosius skreiv for meir enn 1600 år sidan om undringa i adventstida:

*Folkefrelsar, til oss kom,
fødd av møy i armodsdom!
Heile verdi undrast på
kvi du soleis koma må.*

Frå Norsk Salmebok 2013 nr. 2



4-ÅRSBOK I ALLE KYRKJENE PÅ OSTERØY

Oktober var månaden for utdeling av 4-årsbøker. Berre i Bruvik kyrkje starta ein tidlegare. Der hadde 4-åringar og 6-åringar felles samlingsstund før gudstenesta 24.august. Laurdag 18.oktober var det samling i Gjerstad kyrkje om formiddagen.

4-åringar frå Haus var også inviterte. Hosanger kyrkje hadde samling om ettermiddagen same dag. 25.oktober var det 4-åringane i Hamre sin tur. Song, forteljing og aktivitetar stod på programmet. Pause med bollar, saft og kaffi gav tid til hyggeleg prat for liten og stor. Barna var på skattejakt og mange var også heilt oppe i tårnet for å sjå og høyra kyrkjeklokkene. Alle gjekk heim med ei ny arbeidsbok i hendene. Søndag møtte dei på gudsteneste, for å ta imot sjølve 4-årsboka. Stolte foreldre og besteforeldre kunne sjå og høyra 4-åringane sine syngja og visa bevegelsar til nokre av songane på gudstenesta. Veldig kjekt at så mange 4-åringar ville møta saman med foreldra sine!

*Trusmedarbeidar
Helga Askeland Mjelstad*

GJERSTAD




Ved døypefonten

HAUS




Glade 4-åringar får bok



Søndagsskulen syng

BRUVIK



Skatten er funnen i Bruvik kyrkje 24.august

HOSANGER



Barna kjenner på dåpsvatnet



Leik i kyrkja



Stolte 4-åringar med nye bøker

HAMRE



Barna pyntar lauvhytta



Klokkespel i tårnet




Bokutdeling

TRILL & TRALL I HAUS KYRKJE 20. SEPTEMBER

Laurdag 20.september registrerte observante naboar lys i Haus kyrkje tidleg på formiddagen. Var det bryllaup? Nei, men ei aktiv gruppe 2-åringar var der, saman med foreldra sine. Dei hadde takka ja til det nye tilbodet «Trill & Trall». Barn frå Haus, Bruvik og Gjerstad sokn var inviterte. Dei deltok ivrig i song og drama om Sauen som vart funnen. Fleire sauer (utkledd barn og vaksne) gjorde forteljinga ekstra spennande. Lammet, Krølle, blei plutseleg borte. Med hjelp frå dei ivrige 2-åringane fann me lammet igjen og alle kunne delta med rytmearinstrument i Krølle sin song. Barna fekk gjera seg kjende med det store kyrkjerommet, før alle til slutt var samla i kyrkjelyshuset til eit måltid risengrynsgraut.

2-åringane fekk si eiga 2-årsbok før dei reiste heim. Nokre av dei sette seg rett ned på golvet, for å studera denne fine boka. Skulle det bli litt sør, gjer det ingenting. Boka er laga av papir, som tåler å bli tørka av.

**Trusmedarbeidar
Helga Askeland Mjelstad**



Trusopplæring 0-18

Tilboda barn og unge får frå kyrkjene på Osterøy er i ein utvidingsfase. Dette ser ein spor av i dei siste utgåvene av Kyrkjeheising. Fleire tilbod er retta mot bestemte aldersgrupper og barna får invitasjon i posten. Av praktiske grunnar er det påmelding og påmeldingsfrist til samlingane. Dette er kanskje nytt og uvant for mange. På kvar samling er mykje utstyr i sving. Det kan vera bøker, formingsmateriale, projektorar osv. I tillegg skal ein ofte berekna servering. Me håpar dette skal bli tatt godt imot og at ikkje nokon blir skremt av påmelding og frist.

Velkomne!

**Venleg helsing trusmedarbeidar
Helga Askeland Mjelstad**

DEN FØRSTE JULEKRYBBA

For oss er det blitt ein del av førjulsdekoren, vi er ikkje så nøyne med å blanda ulike jule-relaterte element og stilla dei ut saman. Og vi gjer det gjerne i desember månad, i god tid før jul. Det er lys, nissar, kuler og glitter. Har vi ei julekrybbe, altså ei framstilling av Jesusbarnet i stallen, set vi kanskje opp den også saman med det andre.

Tekst: Kristoffer Foldøy

I Sta. Maria Maggiore- kyrkja, som ligg nær hovudjernbanestasjonen i Roma, har ein oppbevart nokre trematerialer som det vert hevda kjem frå stallen i Betlehem. Dei har sjølv sagt fått spesiell fokus i samband med jula opp gjennom århundra. Og frå kristendommen si tidligste historie og framover gjennom tidene har ein nok i juletida sett opp enkle framstillingar eller figurar som skal minna oss om hendinga i stallen. Men julekrybbe-tradisjonen, slik vi forstår han i dag, var det Frans frå Assisi som oppretta.

Og vi veit nøyaktig tidspunkt og stad for hendinga. Det var i desember 1223 at stiftaren av fransiskanarordenen, tiggarmunkane som dei vart kalla, kom på ideen om å konkretisera juleevangeliet. Frans var på besøk hjå ein ven som heitte Johannes i nærleiken av byen Grecchio for å feira jula saman med han. Så kom han på at dei skulle gjera Jesu fødsel levande for både dei sjølve og folket i landsbyen. Det var nemleg ei grotte på egedomen til venen som kunne fungera som stall, og den tok dei og laga til med strå og krybbe. Okse og esel var lett å skaffa tak i. Frans sende bod etter fleire frå munkeflokkene sin, brørne sine, som han kalla dei.

Ein av dei var presten Silvester, som heldt julepreika. Folk frå landsbyen hadde samla seg i hopetal, og eit ungts par derifrå tok rolla som Josef og Maria. Det blei ei uforgløymeleg julenatt der ute i skogen. Og i den katolske kyrkja spreidde tradisjonen med julekrybbe seg snøgt, både i levande og kunstnarleg utførte variantar. No ser vi at julekrybber også i større og større grad finn innpass hjå oss, både privat og i kyrkjerommet.

For nokre tiår sidan var eg ein varm julidag på besøk i ei kyrkje i byen Ravenna. Kyrkja var frå 400 – talet, og landskapet hadde bygd seg opp rundt slik at ein måtte gå ned ei trapp for å koma inn. Mitt fokus var dei strålande mosaikkane på veggene i kyrkja, verdskjende og omtala i kunstbøker og artiklar. Og det var svært vakkert.

Då eg skulle gå ut att la eg merke til ei svartkledd gammal dame som stod ved ei nisje nede ved utgangen. Ho fomla litt og fekk plassert ein lire-mynt inn i ei sprekk og sette på det viset i gang ein mekanisk funksjon. Det kom på eit lite lys der, og vi såg ei svært enkel og grovt utforma julekrybbe med dei figurane som hørde til. Etter litt knitrings og skraping tok figurane til å røra på seg. Josef strekte seg opp, Maria bøygde seg over krybba. Den gamle dama gjorde krossteiknet og mumla noko, antageleg ei bøn.

Etterpå, ute i det blendande sollyset, tenkte eg at den opplevinga hadde eg godt av. Eg hadde søkt etter verdkunsten for mi personlege oppleving. Den gamle dama hadde funne si glede framfor ein enkel mekanisk gammal kasse.



Julekrybbe frå Tyskland.

50-ÅRSKONFIRMANTAR I HAMRE



1. rad frå v. Sigrun Håklau Raknes, sokneprest Inge Sørheim, Jenny Margrethe Raknes Eikeland, Astrid Tvedt.

2. rad frå v. Grete Edvardsdal Hansen, Madli Kvamme Hannisdal, Bodil A. Hammer, Oddrun Reigstad Nordås, Britt L. Håland Guddal.

3. rad frå v. Arve Elvik, Nils Tørres Reigstad, Kjartan Flæsland, Alvar Håland.

4. rad frå v. Kåre Magnar Flæsland, Per Magne Villanger, Geir Reigstad.

Fotograf: Rune Solberg

50-ÅRSKONFIRMANTAR I HOSANGER



1. rad frå v. Marit Bernes Njåstad, prost Øystein Skauge, sokneprest Inge Sørheim, Astri Mjøs Tyssebotn.

2. rad frå v. Torbjørn Haukøy, Roald Åge Kleppe, Willy Gudmund Espeskog-Urke, Bjørn Inge Hansen, Dag Bjørndal, Finn Magne Boge.

Fotograf: Rune Solberg

50-ÅRSKONFIRMANTAR I GJERSTAD



Fotograf Storebø

1. rad frå v. Kari Mæle, Bodil Låstad Riise, Anlaug Presttun, Sokneprest Tom Sverre Tomren, Kari Revheim Dale, Reidun Vevle, Marit Danielsen Stanghelle

2. rad frå v. Solveig Greve Bruvik, Sigrid Hauge Hagelid, Hilda Olaug Koppen Rinde, Jorunn Alise Kallekleiv, Margot Solberg Hisdal,
Margareth Hauge Haagensen, Wenche Solberg Rundhovde

3. rad frå v. Tor Arne Monstad, Mons Hauge, John Solberg, Robert Kallekleiv, Atle Hammer, Tormod Småland, John Presttun

50-ÅRSKONFIRMANTAR I HAUS



1. rad frå v. Torleif Skulstad, Signe Mjelde Nordås, Sokneprest Tom Sverre Tomren, Signy Tunes, Lillian Tunes, Anny J. Løen Daltveit

2. rad frå v. Magny Kippersund Natås, Edith Mjelde Brudvik, Elin Kristin Herfindal, Laila K. Hylseng Berntsen, Randi Auestad, Liv Larsen, Bjørg Høysetær

3. rad frå v. Arild Åsheim, Einar Kjelly, Magnus Mjelde, Einar Rivenes, Lars Steine

BRUVIK I NOVEMBER

Tekst: Wenche Fiskesteth

Bilete: Ole-Johan Steiner

Søndag 9. november var det gudsteneste i Bruvik kyrkje. Ikkje kva som helst slags gudsteneste, men ei samling av bygdas aller yngste.

Minstejenta var fire veker gammal. Ho vart døypt Anna. I barnekroken sat 3-4 ungar og las om Jesus på fisketur. Her var alderen 1 – 3 år. På første benk hadde me Bruviks framtidige songarar, sju i talet. Dei venta spent på urframføringa av fire songar dei hadde øvd på om laurdagen. Dei går i 1. – 7. klasse, og ein av dei har ikkje teke til i skulen eingong.

Framføringa, under leiing av trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad og akkompagnert av kantor Baard Eikaas blei ein formidabel suksess. Ikkje berre song dei, men understreka med rørsler kva teksten handla om. Tolkinga av den miskunnsame samaritanen var ein genistrek som borgar for at soknet kan venta seg mykje frå våre aller yngste!

Dei yngste er her forevigda framom innermuren til det nye prestenaustet.

På biletet ser vi (etter den kvite kaffikoppen): Baard, Wenche, Marcus, Håkon Rene, Andreas, Selma, Thea og Helga.

Magnus og Endre (ikkje med på biletet) var og med i songgruppa.



VIL DU GJØRE EN FORSKJELL?

*Kirkens SOS i Bergen trenger nye medarbeidere!
Inntakskurs starter 16. februar.*

Vil du gjøre en forskjell for mennesker som har det vanskelig og samtidig oppleve personlig utvikling? Som frivillig kan du velge mellom å lytte til mennesker på telefon eller chatte med dem på internett. Du får full opplæring og oppfølging underveis, og vi kan tilby et utviklende personlig og sosialt fellesskap.

Tjenesten er velordnet og forutsigbar, og kan fint tilpasses jobb, studier eller pensjonisttilværelse.

For mer informasjon, ring **55 32 58 45 / 941 83 654**, eller se www.kirkens-sos.no/bjorgvin

Kirkens SOS er Norges største og eldste kristjeneste på telefon og internett.



Kirkens SOS

EI JULEHELSING FRÅ KRIGENS DAGAR

Her følgjer ei 72 år gammal julehelsing, sendt ut av soknepresten i Hamre og Åsane, Lars Bergo, julafsta 1942. Korleis helsinga nådde fram til kvar heim i soknet på sjølvaste julekvelden veit eg ikkje, men dei hadde sine metodar i okkupasjonstida.

Kjære vener i Hamre og Åsane kyrkjelydar!

Hamre prestegard 24. des. 1942

Sidan det i år ikkje vart råd å senda Dykk ei helsing i kyrkjebladet, vil me hermed få lov å senda Dykk nokre ord no når joli stundar til og me snart har nått utgangen av det gamle året.

Det er mangt å minnast i det framfarne år. Eit år då både landet vårt og dei ymse kyrkjelydar har fått innskreve kyrkjesoga som ikkje på lange tider. Ved årsskiftet ser me attende på at det alt er $\frac{3}{4}$ år sidan me her i prestegjeldet, som i dei aller fleste andre prestegjeld i landet, måtte leggja ned våre embete, og bryta samarbeidet med staten i mange ting. Dette var djupt smerteleg for oss som hadde lært å sjå storleiken og breiddeverknaden i ei arbeidande statskyrkja, slik som me hadde vore so lukkelege å ha hjå oss, men av grunnar som De vil kjenna til frå før, var det ingen veg utanom.

Når me no tenkjer attende, so må me koma i hug apostelen si oppmoding: "Seg alltid Gud og Faderen takk for alle ting i Vår Herre Jesu Kristi namn". Ja, for her er først og framst mykje å takka for. Me takkar Gud avdi me fekk lov til dette året å vera og virka i kyrkjelydane våre. Avdi me slapp å reisa ut av hus og heim, ut av distrikt og fylke, som mange har måtta dette året. Me takkar for kyrkjesøknad trass vande vilkår å koma fram. For møte i bedehus og heimar, for dei små borne til Jesus i dåpen, og for samfundet om nattverdsbordet.

Dinæst har me og so mykje å takka menneske for. Me står ved dette årsskiftet som skuldnarar til heile kyrkjelydane våre. Først for det me ikkje fekk gjort, eller det som ikkje vart utført som det skulde og burde, og dinæst for alt det folket har gjort for oss og huslyden vår i dette siste tre kvart år.



Me har på mange måtar merka at me har folket vårt med oss i desse tunge tider for landet vårt.

Me kann aldri få gjort Dykk hjelp eller tenestor att for all Dykkar offervilje og gode hjartelag som har strøymt mot oss so mange gonger, men me kann berre segja Dykk og alle dei andre takk for alt saman. Det var nok, serleg i førstningi, litt underleg å taka i mot slike gåvor, men då me alltid har kjendt at dei var gjevne av eit godt og velmeinande hjartelag, so har det gledt oss meir enn ein gong. Berre det må me få beda Dykk om, at De ikkje gjer so mykje for oss at me på nokon måte skulde leggja stein til byrda for folket i bygdene våre, som kann ha nok kvar med seg i desse tider.

So går me med godt mot mot den ukjende framtid. Måtte jolebodskapet få lyda i all sin herlegdom til hjarto som treng nettopp dette: "I dag er født Dykk ein frelsar, Herren Kristus i Davids stad".

Han kom å tørre tårer, han kom å stanse gråt.

Han kom å redde livet der ingen visste råd.

Med takk for alt ynskjer me Dykk alle: *Ei velsigna jolehelg og eit lukkeleg nyår med fred og fridom til lekam og sjel!*

I Vår Herre Jesu Kristi namn.

Hjarteleg helsing Sigrid og Lars Bergo.



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

NOVEMBER

Sundag 30. november 2014

Haus kl 11: Familiegudsteneste Lys Vaken.
Trusmedarbeidar deltek. Tomren. Takkoffer til Døveskulen i Kamerun.

Bruvik kl 19: Lysmesse/julekonsert. Konfirmantane m.fl.
deltek. Tomren. Takkoffer til Døveskulen i Kamerun.

Hosanger kl 11: Sprell levande Familiegudsteneste. Dåp.
Nattverd. Takkoffer til Osterøy søndagsskulelag.

DESEMBER

Sundag 07. desember 2014, 2. sundag i adventstida

Hamre kl 17: Lysmesse. Dåp. Sørheim.

Sundag 07. desember 2014, 2. sundag i adventstida

Gjerstad kl 19: Lysmesse. Familiegudsteneste. Tomren.

Sundag 07. desember 2014, 2. sundag i adventstida

Hosanger kl 20: Lysmesse. Dåp. Sørheim.

Sundag 14. desember 2014, 3. sundag i adventstida

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 14. desember 2014, 3. sundag i adventstida

Hosanger kl 17: "Me syng jula inn" gudsteneste. Dåp.
Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 14. desember 2014, 3. sundag i adventstida

Haus kl 19: Lysmesse. Familiegudsteneste. Tomren.

Onsdag 24. desember 2014, Julaftan

Bruvik kl 13: Familiegudsteneste. Tomren.

Onsdag 24. desember 2014, Julaftan

Hosanger kl 14: Familiegudsteneste. Dåp. Sørheim.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Onsdag 24. desember 2014, Julaftan

Gjerstad 14.30: Familiegudsteneste. Tomren.

Onsdag 24. desember 2014, Julaftan

Haus kl 16: Familiegudsteneste. Tomren.

Onsdag 24. desember 2014, Julaftan

Hamre kl 16: Familiegudsteneste. Dåp. Sørheim.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Torsdag 25. desember 2014, Juledag

Haus kl 12: Høgmesse. Familiegudsteneste. Nattverd. Tomren.

Torsdag 25. desember 2014, Juledag

Hamre kl 12: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Fredag 26. desember 2014, Stefanusdag

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Familiegudsteneste. Tomren.

Sundag 28. desember 2014, Romjula

Haus kl 16: Familiegudsteneste. Tomren.

Onsdag 31. desember 2014, Nyttårsaftan

Hosanger kl 23.00: Midnattsgudsteneste. Sørheim.

JANUAR

Sundag 04. januar 2015

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Areopagos.

Bruvik kl 11: Høgmesse. Tomren.

Sundag 11. januar 2015

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Tomren.

Sundag 18. januar 2015

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Haus kl 11: Høgmesse. Tomren.

Sundag 25. januar 2015

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl 19: Høgmesse. Tomren.

FEBRUAR

Sundag 01. februar 2015

Haus kl 11: Høgmesse. Børge Ryland.

Sundag 08. februar 2015

Hamre kl 11: Sprell levande familiegudsteneste. Dåp.
Nattverd. Godt nytt til 11-åringar. Sørheim.
Takkoffer til Bibelselskapet.

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Misjonsgudsteneste. Tomren.

Hosanger kl 16: Sprell levande familiegudsteneste. Dåp.

Nattverd. Godt nytt til 11-åringar. Sørheim.
Takkoffer til Bibelselskapet.

Bruvik kl 17: Høgmesse. Misjonsgudsteneste.

VELKOMEN TIL FITJE SØNDAGSSKULE

**24.12.14: Familiegudsteneste i Gjerstad kyrkje
28.12.14: Julefest i Fitje bedehus**

**HAR DU LYST TIL Å VERA MED PÅ KYRKJEHISTORISK VANDRING I ROMA
24. - 27. SEPTEMBER 2015?
Hamre sokneråd er turarrangør. Meir info seinare.**

KONSERTAR

KONSERT I HAUS KYRKJE ONSDAG 26. NOVEMBER KL. 19.30

Organistane på Osterøy Per Inge Hove og Baard Eikaas bidreg.

Vi syng adventssalmar saman!

Orgelmusikk og tonar frå trø-orgelet.

Kollekt ved utgangen.

Gratis inngang.

JULEKONSERT I HAMRE KYRKJE, TORSDAG 18.DESEMBER KL. 19.30

DESSE DELTEK:

Hjellvik Hornmusikklag.

Valestrand Musikklag.

Per Inge Hove,organist.

Kammergruppa Reppen m/songsolistar Åse Solvi og Jan Erik Endresen.

Arr. Hamre Sokneråd og Kammergr. Reppen.



Slekters gang

Døypte:

Haus

19.10.14 Eir-Johanna Torgersen Hundhammer
(Røvær bedhuskapell)

Gjerstad

19.10.14 Sandra Jakobsen

19.10.14 Eira Myking-Bøås

Hamre

14.09.14 Linnea Mae Simon Myking

14.09.14 Isak Rødland-Tysse

12.10.14 Emma-Sophie Erdal (busett Strusshamn)

12.10.14 Ida Maylen Holme Eide

Hosanger

28.09.14 Johanne Palaspas Sætre

28.09.14 Vanja Thomassen Pedersen

19.10.14 Alvin Ahmer Karlsson
(busett Strusshamn)

16.11.14 Nathalie Svidal Nordås

16.11.14 Sofie Myking

16.11.14 Julie Andrea Naustdal Drangevåg
(busett Bergen)

Bruvik

09.11.14 Anna Angeltveit-Vedaa

Vigde:

Haus

27.09.14 Therese Kjenes Moen og
Torleif Mjølkeråen

Gjerstad

25.10.14 Christina Johansen og
Esben Andre Føllesdal

Gravlagde:

Bruvik

21.10.14 Einar Vines (f.1922)

Hosanger

14.10.14 Gudrun Malene Nesheim (f. 1923)

Hamre

10.10.14 Turid Margrethe Jordal Burkeland
(f. 1948)

24.10.14 Karen Elina Birkeland (f. 1921)

04.11.14 Aleksander Aase Kleveland (f. 1994)

Haus

19.09.14 Alv Hannisdal (f.1922)

31.10.14 Harald Mikal Aarbakke (f. 1945)

14.11.14 Bjørg Konstanse Åsheim (f. 1931) bisett

Gjerstad

14.10.14 Leiv Greve (f. 1927)

17.10.14 Einar Vevle (f. 1919)

17.10.14 Ragna Vevle (f.1910)

24.10.14 Grete Wassberg (f. 1956)

11.11.14 Anne Marit Revheim (f. 1950)

TAPT

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit veddemål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. Vi er her. Alltid.



BLINK HUS

Helge Rød as



BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. Vi er her. Alltid.



REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

50 OG 51 - ÅRS KONFIRMANTAR I BRUVIK



Fotograf Storebø

Framme fra v: Laila Marion Vaksdal, Ingunn Hanstveit, Børge Ryland, Bjørgfrid Solveig Farestveit Bartun, Reidun Skartveit.
Bak fra v: Marianne Vik, Ann Margritt Kallekleiv, Birger Løtveit, Arthur Høylo, Terje Langhelle, Atle Langhelle.

Med dette nummeret takkar eg av som redaktør for "Kyrkjeheising". Frå og med neste nummer kjem bladet ut som eit samarbeidsprosjekt mellom kyrkjekontora i det nye prostiet. Halvparten av stoffet vert lokalt frå Osterøy og den andre halvparten fellesstoff.

Slikt de ønskjer å senda til neste nummer kan de framleis senda til mi adresse no i ein overgangsfase.
Så vil eg ønskja alle ei god førjulstid og takka for følget desse sju åra eg har hatt glede av å vera redaktør for bladet.

*Kristoffer Foldøy
E-post: krifolder@gmail.com*



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no